



**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 16.06.2016  
**Tid:** 19:00 – 21:45

**Fylgjande medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Medlem	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasman	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

**Fylgjande medlemmer møtte ikkje:**

Namn	Funksjon	Representerer
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

**Fylgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Karl Rune Hansen	Martha Schrøder Momrak	AP
Gjermund Zakarias Bergsland	Kjell Sverre Thoresen	SP

**Fylgjande frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)  
56/16 – 63/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

---

Erik Skjervagen  
Ordfører

Fellestenesta  
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland  
rådmann

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>
---------------------------	----------------

---

PS 56/16	Referatsaker
PS 57/16	Plan for selskapskontroll 2016 - 2019
PS 58/16	Økonomigjennomgang pr. 1. mai 2016
PS 59/16	Nyval av barnas representant 2016
PS 60/16	Oppretting av stilling - midlar til tidleg innsats i skulen.
PS 61/16	Medlemskap i Lyntogforum Telemark
PS 62/16	Tiltak for nedjustering av driftsbudsjettet.

Fyresdal 9.juni 2016

Erik Skjervagen  
ordfører

Fellestenesta  
utvalssekretær

Ettersendt sak 63 – Søknad om skjenkeløyve i einskild høve – sommarfest 23.07.2016 – Øyne  
Camping vart samrøystes vedteke å handsame i dag.

## **PS 56/16 Referatsaker**

**RS 8/16 Orientering om interkommunalt samarbeid ved sekretariatet i Vest-Telemarkrådet**

**RS 9/16 Referat frå møte i opptaksutvalet 16.mars 2016**

**RS 10/16 Reguleringsplan for hyttefelt Vinsnes, gnr/bnr 24/1, mindre endring**

**RS 11/16 Massetak Gakkskil gnr/bnr 16/1 - dispensasjonssøknad driftsplan massetak**

### **I møtet:**

Ordføreren orientera om fleire saker som ikkje sto på sakslista:

- Seiste del av rundløypa i Hamaren Aktivitetspark manglar kr 250.000,- i finansiering for å kunne realiserast i løpet av 2016, etter at anbudsfristen for dette prosjektet er ute og kostnaden er kjent. Eit samrøystes kommunestyret vedtok å løyve kr 250.000,- frå friluftsfondet til dette prosjektet slik at det kan gjennomførast i år.
- Stoda til frivillighetsentralen – dagleg leiar for denne har sagt opp si stilling og det statlege tilskotet til denne virksomheten vil bli lagt inn i rammetilskotet frå og med 2017. Arbeiderpartiet vil føreslå ei innsparing på dette området i samband med handsaminga av sak 62 på sakslista.
- Tankar om kva Gardar kan brukast til – Telemark Lys AS har kome med ynskje om overtaking og byggje dette om til to leiligheter. Sak om framtidig bruk av Gardar vil kome som sak til kommunestyret i fyrste møte til hausten.
- Framtidige strategiar for Telemarkrøye AS – LUKKA MØTE.

Rådmannen orientera om:

- Fyresdal kommune deltake i "Prosjekt klyngesamarbeid ungdom og entreprenørskap i fjellområda".
- Vidare arbeid med interkommunalt samarbeid.

## **PS 57/16 Plan for selskapskontroll 2016 - 2019**

### **Innstilling frå kontrollutvalet:**

«Forslag til Plan for selskapskontroll 2016 -2020 – Fyresdal kommune» godkjennast slik den ligg føre, med fylgjande prosjekt i prioritert rekkefølge:

1. Kostnadsgrunnlag - Sjølvkost. - Brannvernssamarbeid i Vest Telemark IKS
2. Styresamansetjing – evaluering og valprosess
3. Kostnadsgrunnlag sjølvkost - Renovest IKS
4. Praktisering av eigarskapsmelding til kommunen og ev. andre føringar for eigarskap.

Kontrollutvalet får fullmakt til å endre planen i perioden.

Kontrollutvalet oppmodar kommunestyret om å ta opp habilitetsspørsmål ved handsaming av selskapskontrollar.

### **Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2016**

#### Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Kommunestyret vedtek plan for selskapskontroll 2016 -2020, med fylgjande prosjekt i prioritert rekkefølge:

1. Kostnadsgrunnlag – Sjølvkost - Brannvernssamarbeid i Vest Telemark IKS
2. Kostnadsgrunnlag sjølvkost - Renovest IKS

10 røyster for framlegget frå Arbeiderpartiet.

7 røyster for innstillinga frå kontrollutvalet

### **Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016**

Kommunestyret vedtek plan for selskapskontroll 2016 -2020, med fylgjande prosjekt i prioritert rekkefølge:

1. Kostnadsgrunnlag – Sjølvkost - Brannvernssamarbeid i Vest Telemark IKS
2. Kostnadsgrunnlag sjølvkost - Renovest IKS

## **PS 58/16 Økonomigjennomgang pr. 1. mai 2016**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Den økonomiske stoda for Fyresdal kommune pr. 1. mai 2016 vert teke til vitande.

Ramma for sektor plan og teknikk vert auka med kr 284.000,- til dekning av utbetalte tilskot, med dekning frå disposisjonsfond og kr 500.000,- i utleige av arbeidskraft.

Investeringsbudsjettet vert justera slik:

0310 Gimle skule – 200.000,-

0335 Møblar nye kontor – 600.000,-

0336 Barnehagen – 200.000,-

Alle med dekning frå disposisjonsfond.

### **Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2016**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016**

Den økonomiske stoda for Fyresdal kommune pr. 1. mai 2016 vert teke til vitande.

Ramma for sektor plan og teknikk vert auka med kr 284.000,- til dekking av utbetalte tilskot, med dekning frå disposisjonsfond og kr 500.000,- i utleige av arbeidskraft.

Investeringsbudsjettet vert justera slik:

0310 Gimle skule – 200.000,-

0335 Møblar nye kontor – 600.000,-

0336 Barnehagen – 200.000,-

Alle med dekning frå disposisjonsfond.

## **PS 59/16 Nyval av barnas representant 2016**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Barnas representant i perioden 2016 – 2019:

Svein Slyngstad med Liv Johre Bakke som ny vara.

### **Ny innstilling frå rådmannen:**

Barnas representant i perioden 2016 – 2019:

Tron A. Støle med Svein Slyngstad som vara.

### **Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2016**

#### Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Saka vert utsett til hausten.

Samrøystes i samband med framlegget frå Arbeiderpartiet.

### **Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016**

## **PS 60/16 Oppretting av stilling - midlar til tidleg innsats i skulen.**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune opprettar ei 35% fast lærarstilling i småsteget, stillinga blir finansiert av midlar frå Utdanningsdirektoratet til "Tidleg innsats i skolen gjennom økt lærerinnsats fra 1. – 4. trinn."

### **Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.06.2016**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

### **Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.06.2016**

Fyresdal kommune opprettar ei 35% fast lærarstilling i småsteget, stillinga blir finansiert av midlar frå Utdanningsdirektoratet til "Tidleg innsats i skolen gjennom økt lærerinnsats fra 1. – 4. trinn."

### **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 01.06.2016**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

### **Vedtak i Administrasjonsutvalet - 01.06.2016**

Fyresdal kommune opprettar ei 35% fast lærarstilling i småsteget, stillinga blir finansiert av midlar frå Utdanningsdirektoratet til "Tidleg innsats i skolen gjennom økt lærerinnsats fra 1. – 4. trinn."

### **Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2016**

Samrøystes i samsvar med vedtaket i Administrasjonsutvalet.

### **Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016**

Fyresdal kommune opprettar ei 35% fast lærarstilling i småsteget, stillinga blir finansiert av midlar frå Utdanningsdirektoratet til "Tidleg innsats i skolen gjennom økt lærerinnsats fra 1. – 4. trinn."

## **PS 61/16 Medlemskap i Lyntogforum Telemark**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune løyver kr 15.000 per år for 2016 og 2017 og teiknar seg for same perioden som medlem av Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, avd. Telemark. Løyvinga blir å ta i frå næringsfondet 1410.470 som for 2016 går ned frå 81.000 til kr 66.000. Ordføraren eller den han peikar ut er representant/kontaktperson.

### **Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2016**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016**

Fyresdal kommune løyver kr 15.000 per år for 2016 og 2017 og teiknar seg for same perioden som medlem av Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, avd. Telemark. Løyvinga blir å ta i frå næringsfondet 1410.470 som for 2016 går ned frå 81.000 til kr 66.000. Ordføraren eller den han peikar ut er representant/kontaktperson.

## **PS 62/16 Tiltak for nedjustering av driftsbudsjettet.**

### **Innstilling frå arbeidsgruppa:**

Fylgjande tiltak vert iverksett for å nedjustere driftsbudsjettet:

- Avdrag på langsiktig gjeld vert redusert til minimumsavdrag.
- Nedlegging av heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur.
- Ikkje vidareføring av 20% prosjektstilling som folkehelsekoordinator.
- Innsparing tilsvarande 50% stilling ved ledighet i fellestenesta.
- Endring av arbeidsoppgåver tilsvarande 100% stilling i administrasjonen (kommunehuset) som skal frigjerast for å brukast inn i dei delar av organisasjonen som har mest behov til ei kvar tid.
- Sommarstenging av barnehagen – krev vedtektsendring i kommunestyret.
- Privatisering av kommunale vegar – eiga sak til kommunestyret i løpet av hausten.
- Revidering av avtale med Telemark Lys AS om integreringsarbeidet.
- Tilsetning for alle tilsette vert gjennomført annankvart år.

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 13.06.2016**

Rådmannen gjorde framlegg om:

AMU tek ikkje stilling til forslag på tiltak for nedjustering av driftsbudsjettet. AMU legg vekt på prosessen etter at kommunestyret har fatta sitt vedtak og at tillitsvalde, verneombod og tilsette blir involverte.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå rådmannen

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 13.06.2016**

AMU tek ikkje stilling til forslag på tiltak for nedjustering av driftsbudsjettet. AMU legg vekt på prosessen etter at kommunestyret har fatta sitt vedtak og at tillitsvalde, verneombod og tilsette blir involverte.

### **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 01.06.2016**

Monica Aas fremja fylgjande framlegg til vedtak:

Tillegg i kulepunkt fem der det skal heite:

...., dersom dei er kvalifisert for desse oppgåvene.

Tone Irgens Veum fremja fylgjande framlegg til vedtak:

Nytt kulepunkt 2 der det skal heite:

Heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur (kulturskulerektor) vert ikkje trekt inn.

Administrasjonen for kultur og oppvekst, må i skuleåret 2016/17 finne løysingar på kort og lang sikt, for å fylle denne stillinga på ein god måte.

Løysingar som sikrar god fagleg kvalitet, t.d. i kombinasjon med anna stilling, eller mogleg samarbeid med annan kommune. Dersom dette ikkje lykkast, må stillinga vurderast på nytt i samband med budsjett 2018.

Olav Gisle Noraberg fylgjande framlegg til vedtak: Som innstilling frå arbeidsgruppa.

Avrøysting:

Det vart først røysta over Monica Aas sitt framlegg som fall med tre mot to røyster der leiaren nytta dobbelt røysta si.

Tone Irgens Veum sitt framlegg vart så sett opp mot Olav Gisle Noraberg sitt framlegg som fall med tre mot to røyster der leiaren nytta dobbelt røysta si.

Vedtak:

Som innstilling frå arbeidsgruppa.

### **Vedtak i Administrasjonsutvalet - 01.06.2016**

Fylgjande tiltak vert iverksett for å nedjustere driftsbudsjettet:

- Avdrag på langsiktig gjeld vert redusert til minimumsavdrag.
- Nedlegging av heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur.
- Ikkje vidareføring av 20% prosjektstilling som folkehelsekoordinator.
- Innsparing tilsvarande 50% stilling ved ledighet i fellestenesta.
- Endring av arbeidsoppgåver tilsvarande 100% stilling i administrasjonen (kommunehuset) som skal frigjerast for å brukast inn i dei delar av organisasjonen som har mest behov til ei kvar tid.
- Sommarstenging av barnehagen – krev vedtektsendring i kommunestyret.
- Privatisering av kommunale vegar – eiga sak til kommunestyret i løpet av hausten.
- Revidering av avtale med Telemark Lys AS om integreringsarbeidet.
- Tilstelning for alle tilsette vert gjennomført annankvart år.



### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 07.06.2016**

Senterpartiet v/ Guro B. Libjå la fram fylgjande tilleggsframlegg:

Administrasjonen skal:

1. Legge fram ein strategiplan for å få ned sjukefråvere til 5 % i heile kommuneorganisasjonen.
2. Sjå på kommunens organisering. Organiseringen må konsekvensutredast.

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen og med tillegg frå Guro B. Libjå.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 07.06.2016**

Fylgjande tiltak vert iverksett for å nedjustere driftsbudsjettet:

- Avdrag på langsiktig gjeld vert redusert til minimumsavdrag.
- Nedlegging av heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur.
- Ikkje vidareføring av 20% prosjektstilling som folkehelsekoordinator.
- Innsparing tilsvarande 50% stilling ved ledighet i fellestenesta.
- Endring av arbeidsoppgåver tilsvarande 100% stilling i administrasjonen (kommunehuset) som skal frigjerast for å brukast inn i dei delar av organisasjonen som har mest behov til ei kvar tid.
- Sommarstenging av barnehagen – krev vedtektsendring i kommunestyret.
- Privatisering av kommunale vegar – eiga sak til kommunestyret i løpet av hausten.
- Revidering av avtale med Telemark Lys AS om integreringsarbeidet.
- Tilsetning for alle tilsette vert gjennomført annankvart år.

Administrasjonen skal:

1. Legge fram ein strategiplan for å få ned sjukefråvere til 5 % i heile kommuneorganisasjonen.
2. Sjå på kommunens organisering. Organiseringen må konsekvensutredast.

### **Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.06.2016**

Framlegg frå Senterpartiet:

Punkt om sommarstenging av barnehagen går ut.

Samrøystes

Heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur(kulturskulerektor) vert ikkje trekt inn. Administrasjonen for kultur og oppvekst, må i skuleåret 2016/17 finne løysingar på kort og lang sikt, for å fylle denne stillinga på ein god måte. Løysingar som sikrar god fagleg kvalitet, t.d. i kombinasjon med anna stilling, eller mogleg samarbeid med anna kommune. Dersom dette ikkje lykkast, må stillinga vurderast på nytt i samband med budsjett 2018.

Framlegget fekk 2 stemmer og fall pga. dobbelstemma til leiaren

### **Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.06.2016**

Fylgjande tiltak vert iverksett for å nedjustere driftsbudsjettet:

- Avdrag på langsiktig gjeld vert redusert til minimumsavdrag.
- Nedlegging av heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur.
- Ikkje vidareføring av 20% prosjektstilling som folkehelsekoordinator.

- Innsparing tilsvarande 50% stilling ved ledighet i fellestenesta.
- Endring av arbeidsoppgåver tilsvarande 100% stilling i administrasjonen (kommunehuset) som skal frigjerast for å brukast inn i dei delar av organisasjonen som har mest behov til ei kvar tid.
- Privatisering av kommunale vegar – eiga sak til kommunestyret i løpet av hausten.
- Revidering av avtale med Telemark Lys AS om integreringsarbeidet.
- Tilstelning for alle tilsette vert gjennomført annankvart år.

### **Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 13.06.2016**

Torleiv Veum gjorde slikt framlegg:

REMNF foreslår at Fagforbundet si uttale datert 18. april 2016 med utheva tekst side 24 med krav om gjennomgang av stillingar vert innfridd.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Torleiv Veum

### **Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 13.06.2016**

Vi krev at det blir gjennomgang av alle avdelingsleiarstillingane, kommunalsjefstillingane og andre administrative stillingar. Kva oppgåve dei har og kor mykje tid går til dei oppgåvene.

### **Handsaming i Formannskap - 08.06.2016**

Formannskapet ynskjer å bidra til å få til ein reduksjon av sjukefråværet, og då spesielt innanfor helse og omsorg.

#### Framlegg frå Olav Gisle Noraberg:

Ved ledighet i kommunalsjefnivået skal ein sjå på organisering av leiarnivået.

Samrøystes

#### Tilleggspunkt til punkt 5:

Formannskapet meiner at nedprioritering tilsvarande 100% stilling primært skal gjerast innanfor næring/landbruk.

Samrøystes

#### Framlegg frå Tone I. Veum:

Nytt kulepunkt 2 der det skal heite:

Heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur (kulturskulerektor) vert ikkje trekt inn.

Administrasjonen for kultur og oppvekst, må i skuleåret 2016/17 finne løysingar på kort og lang sikt, for å fylle denne stillinga på ein god måte.

Løysingar som sikrar god fagleg kvalitet, t.d. i kombinasjon med anna stilling, eller mogleg samarbeid med annan kommune. Dersom dette ikkje lykkast, må stillinga vurderast på nytt i samband med budsjett 2018.

- 2 røyster

Avrøysting punkt for punkt i innstillinga frå rådmannen:

- Avdrag på langsiktig gjeld vert redusera til minimumsavdrag.
  - Samrøystes
- Nedlegging av heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur.
  - 3 røyster
- Ikkje vidareføring av 20% prosjektstilling som folkehelsekoordinator.
  - Samrøystes
- Innsparing tilsvarande 50% stilling ved ledighet i fellestenesta.

- Samrøystes
- Endring av arbeidsoppgåver tilsvarande 100% stilling i administrasjonen (kommunehuset) som skal frigjerast for å brukast inn i dei delar av organisasjonen som har mest behov til ei kvar tid.
  - Samrøystes med tilleggsframlegg
- Sommarstenging av barnehagen – krev vedtektsendring i kommunestyret.
  - 4 røyster for stryking av punktet
- Privatisering av kommunale vegar – eiga sak til kommunestyret i løpet av hausten.
  - Samrøystes
- Revidering av avtale med Telemark Lys AS om integreringsarbeidet.
  - Samrøystes
- Tilstelning for alle tilsette vert gjennomført annankvart år.
  - Samrøystes

### **Vedtak i Formannskap - 08.06.2016**

Fylgjande tiltak vert iverksett for å nedjustere driftsbudsjettet:

- Avdrag på langsiktig gjeld vert redusert til minimumsavdrag.
- Nedlegging av heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur (kulturskulerektor).
- Ikkje vidareføring av 20% prosjektstilling som folkehelsekoordinator.
- Innsparing tilsvarande 50% stilling ved ledighet i fellestenesta.
- Endring av arbeidsoppgåver tilsvarande 100% stilling i administrasjonen (kommunehuset) som skal frigjerast for å brukast inn i dei delar av organisasjonen som har mest behov til ei kvar tid. Formannskapet meiner at nedprioritering tilsvarande 100% stilling primært skal gjerast innanfor næring/landbruk.
- Privatisering av kommunale vegar – eiga sak til kommunestyret i løpet av hausten.
- Revidering av avtale med Telemark Lys AS om integreringsarbeidet.
- Tilstelning for alle tilsette vert gjennomført annankvart år.
- Ved ledighet i kommunalsjefnivået skal ein sjå på organisering av leiarnivået.
- Formannskapet ynskjer å bidra til å få til ein reduksjon av sjukefråværet, og då spesielt innanfor helse og omsorg.

### **Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2016**

#### Framlegg frå Tone I. Veum:

Nytt kulepunkt 2 der det skal heite:

Heimel 2200 – 50% avdelingsleiar kultur (kulturskulerektor) vert ikkje trekt inn.

Administrasjonen for kultur og oppvekst, må i skuleåret 2016/17 finne løysingar på kort og lang sikt, for å fylle denne stillinga på ein god måte.

Løysingar som sikrar god fagleg kvalitet, t.d. i kombinasjon med anna stilling, eller mogleg samarbeid med annan kommune. Dersom dette ikkje lykkast, må stillinga vurderast på nytt i samband med budsjett 2018.

7 røyster

#### Framlegg frå Tor Inge Levang:

Kulepunkt 5 – endring av arbeidsoppgåver .... vert stroke.

Samrøystes

#### Framlegg frå Nils Kristian Moe:

Endring av kulepunkt 2 til: Heimel 2200 – kulturskulerektor blir midlertidig drege inn, kommunestyret tek i samband med handsaming av budsjett for 2018 stilling til om heimelen skal vidareførast eller bli dregen inn.

10 røyster

Nytt kulepunkt: Stilling på 50% for å drive frivillighetssentral vert fryst inntil sak vert lagt fram for kommunestyret.

12 røyster

Spørsmål om habilitet for styremedlemene i Telemark Lys AS, Elisabeth Gasmann og Anne Serine Nærum. 4 røyster for at dei er ugilde i saka.

Framlegg frå Olav Gisle Noraberg:

Endring av punkt 4: Innsparing tilsvarande 100% stilling i administrasjonen (kommunehuset) ved ledighet.

Samrøystes

Nytt kulepunkt: Kommunestyret ynskjer at det blir føreteke ei registrering av faktisk bruk av barnehagetilbod i juli månad 2016, som skal danne grunnlag for vedtak om barnehagen i framtida skal ha stengt i juli månad.

Samrøystes

Avrøysting av punkta i vedtaket frå formannskapet som ikkje er endringsframlegg på:

- Avdrag på langsiktig gjeld vert redusera til minimumsavdrag.
  - Samrøystes
- Ikkje vidareføring av 20% prosjektstilling som folkehelsekoordinator.
  - Samrøystes
- Privatisering av kommunale vegar – eiga sak til kommunestyret i løpet av hausten.
  - Samrøystes
- Revidering av avtale med Telemark Lys AS om integreringsarbeidet.
  - Samrøystes
- Tilstelning for alle tilsette vert gjennomført annankvart år.
  - Samrøystes
- Ved ledighet i kommunalsjefnivået skal ein sjå på organisering av leiarnivået.
  - Samrøystes
- Formannskapet ynskjer å bidra til å få til ein reduksjon av sjukefråværet, og då spesielt innanfor helse og omsorg.
  - Samrøystes

Samrøystes for vedtaket i formannskapet med endringane som fekk fleirtal.

**Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016**

Fylgjande tiltak vert iverksett for å nedjustere driftsbudsjettet:

- Avdrag på langsiktig gjeld vert redusera til minimumsavdrag.
- Heimel 2200 – kulturskulerektor blir midlertidig drege inn, kommunestyret tek i samband med handsaming av budsjett for 2018 stilling til om heimelen skal vidareførast eller bli dregen inn.
- Ikkje vidareføring av 20% prosjektstilling som folkehelsekoordinator.
- Innsparing tilsvarande 100% stilling i administrasjonen (kommunehuset) ved ledighet.
- Privatisering av kommunale vegar – eiga sak til kommunestyret i løpet av hausten.
- Revidering av avtale med Telemark Lys AS om integreringsarbeidet.
- Tilstelning for alle tilsette vert gjennomført annankvart år.
- Ved ledighet i kommunalsjefnivået skal ein sjå på organisering av leiarnivået.
- Formannskapet ynskjer å bidra til å få til ein reduksjon av sjukefråværet, og då spesielt innanfor helse og omsorg.
- Stilling på 50% for å drive frivillighetssentral vert fryst inntil sak vert lagt fram for kommunestyret.
- Kommunestyret ynskjer at det blir føreteke ei registrering av faktisk bruk av barnehagetilbod i juli månad 2016, som skal danne grunnlag for vedtak om barnehagen i framtida skal ha stengt i juli månad.

## **PS 63/16 Søknad om skjenkeløyve i einskild høve - sommarfest 23.07.16 - Øyne Camping**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Øyne Camping ved Øivind Huth Eriksen får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk inntil 22 volumprosent under sommartreffet ved Øyne Camping, Kilegrend. Området må vere inngjerd og der må vere vakter. Løyvet gjeld 23.07.16 kl 17.00 - 02.00. Løyvegebyr på kr 340,- vil bli tilsendt etter arrangementet.

### **Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2016**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016**

Øyne Camping ved Øivind Huth Eriksen får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk inntil 22 volumprosent under sommartreffet ved Øyne Camping, Kilegrend. Området må vere inngjerd og der må vere vakter. Løyvet gjeld 23.07.16 kl 17.00 - 02.00. Løyvegebyr på kr 340,- vil bli tilsendt etter arrangementet.